

Strikke-, skinn- og spinnehelg

Bessheim Fjellstue 26. - 28. februar 2021

Vågå Husflidslag, garnprodusenten Naturgull og Bessheim Fjellstue inviterer for tredje år på rad til ei triveleg handarbeidshelg. Det blir tre forskjellige kurstilbod, samt eit strikkekurs med 5 forskjellige stasjonar, såkalla "stasjonskurs". Vi garanterer høg trivselsfaktor og god mat!

Bessheim

FJELLSTUE & HYTTER

Vel møtt til ei kreativ helg!
Hilsen Vågå Husflidslag,
Ragnhild og Synnøve i Naturgull
og Kari og Bjørn på Bessheim
Fjellstue.

www.bessheim.no

post@bessheim.no eller
telefon 61 23 89 13



SPINNING OG KARDING

Kurs i karding og spinning av ull. Du kan ha med rokk og ull sjølv, eller du kan låne rokk og kjøpe ull. Sei i frå ved påmelding om du har rokk sjølv. Ull kan du kjøpe av Naturgull, som sel både tullar og rå ull. Maks 8 deltakarar. Kroner 450,- per person.

SYING AV SITTEUNDERLAG / SKINNVOTTER I SAUESKINN

Kurs i sying av sitteunderlag / skinnvotter i saueskinn. Skinn kan du enten ta med deg selv, eller du kan kjøpe skinn på kurset. Dersom du vil kjøpe skinn må du opplyse om dette ved påmelding. Kurset vil gå over 8 timer fordelt på lørdag og søndag. Det er plass til 8 personer på kurset. Pris kr 450.

SYING AV SITTEUNDERLAG I SAUESKINN

Her kan du lære å sy sitteunderlag, pulsvarmarar og hals/skjerf i saueskinn. Skinn og utstyr får du kjøpt på staden, dersom du ikkje vil ha med ditt eiga. Maks 8 deltakarar. Kroner 450,- per person.

STRIKKEKURSET

Her kan du lære litt om duodji, samisk handverk. Kurset går ut på å sy ein samisk kaffepose med rynker, som er typisk for duodji. Garva reinsskinn og utstyr får du kjøpt på Bessheim, eller du kan ta med ditt eiga.

Maks 8 deltakarar. Kroner 450,- per person.

STRIKKEKURSET

Strikkekurset vil vera arrangert som eit stasjonskurs med fem forskjellige strikketeknikkar. Dei forskjellige strikketeknikkane er snorer og hoseband, kontstrikk, tvebandstrikk, dobbeltstrikk og hakking/pjoning. Du sjonglerer slik du vil mellom stasjonane.

Kr. 200,- per person. Maks tal på deltakarar på dette kurset regulerer vi ut frå koronasituasjonen.

Du er også velkommen utan å melde deg på noko kurs, anten heile helga eller på dagbesøk. På grunn av korona vil vi ha påmelding til alle kurs på førehand, også om du berre kjem på dagbesøk.

Med forbehold om endringer.

PROGRAM

Fredag

Middag på Bessheim klokka 19.00. Menyen denne kvelden er bakt skrei, lam frå gardbrukar Mathias Snerle og ein sjokoladetallerken. Etter middagen blir det presentasjon av programmet for helga, arrangørar og deltakarar.

Laurdag

Frokost 07.30 – 09.30. Kursstart klokka 10.00. Lunsj klokka 12.30. Menyen er ei god kjøtsupe med byggryn frå Skjåk, heimebrød og dessert.

Kurs 14.30 – 18.00.

Festmiddag laurdag kveld klokka 19.00. Denne kvelden lagar vi ein spanande middagsbuffet med lokale smakar. Strikkepub etter middagen.

Søndag

Frokost fra 07.30 – 09.30. Kurs frå 10 - 12.30. Lunsj klokka 12.30. Menyen er reinsdyrgryte og mandelpoteter frå garden Sve i Vågå.

Prisar på overnatting og måltid

kr. 2560 per person i dobbeltrom for heile helga

kr. 2860 per person i enkeltrom for heile helga

Da er treretters middag fredag og laurdag kveld og frokost og lunsj laurdag og søndag inkludert i prisen. Det er dusj og toalett og oppreidde senger på romma. Kurs og utstyr kjem i tillegg.

Prisar for deg som vil vera med berre deler av helga:

Middag kr. 440,- per person

Lunsj kr. 250,- per person

Frokost kr. 170,- per person.

Rom/frokost kr. 760,- per person i dobbeltrom

kr. 1050,- per person i enkeltrom

Rom/pensjon kr. 1280,- per person per natt i dobbeltrom

kr. 1430,- per person i enkeltrom.

I pensjonsprisen er rommet, treretters middag, lunsj og frokost inkludert i prisen.

NOTISER

Påmelding til Bessheim Fjellstue både for kurs, måltid og overnatting. Dersom du ikkje vil bestille «full pakke» heile helga, er det viktig at du seier i frå om kva måltid du vil vera med på.

Faktura for kursa får du på førehand frå Vågå Husflidslag.
Spørsmål om kursa sender du til naturgull@gmail.com

Smittevern i samband med korona

Her på Bessheim har vi god plass, vi har romslege stover og ein stor og luftig spisesal. Dette gjer det enklare å følgje avstandskravet på 1 meter. Vi følgjer sjølvsaugt dei gjeldane retningslinjene til folkehelseinstituttet for å unngå koronasmitte i alle ledd av drifta vår.

Bessheim

FJELLSTUE & HYTTER



www.bessheim.no

post@bessheim.no eller
telefon 61 23 89 13